

14/19439



Vaksdal kommune
Rådmann

Hordaland fylkeskommune
Tannhelsetenesta
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

02 MAR 2016

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/1765 - 16/1203

Saksbehandlar:

Solrun Hauglum
solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

Dato:

24.02.2016

Sentralisering av tannhelsetenesta - fråsegn frå Eldrerådet i Vaksdal

På møte i Eldrerådet i Vaksdal 23.02.2016 vart det vedteke å senda følgjande fråsegn i samband med sentralisering av tannhelsetenesta i Hordaland:

Sentralisering av tannhelsetenesta i Hordaland, fråsegn frå Eldrerådet i Vaksdal

Ein er blitt kjend med at Hordaland fylkeskommune planlegg nedlegging av ein del lokale tannlegekontor i distriktet, m.a. også tannlegekontoret på Dale.

Eldrerådet er uroa over kva konsekvensane av sentralisering av denne tenesta kan få for eldre og pleietrengjande:

Mange eldre treng følgje og skyss i samband med tannpleie. Det vil då gå ut over kapasitet og ressurs for personale viss den det gjeld er på institusjon.

For heimebuande vil det anten vera helsepersonell eller pårørande som lyt ta på seg å vera følgje. I begge tilfelle går det lett eit halvt dagsverk for den følgjande, stundom meir.

I tillegg til belastninga med lengre reiser til Bergen eller Voss, vil det også følgja ekstra kostnad med, løn for tilsette og evt. fråvere frå jobb om pårørande tek oppgåva.

Eldrerådet i Vaksdal vil oppmoda Hordaland fylkeskommune å revurdera den føreslegne sentraliseringa av tannlegetenesta og også ta med i vurderinga dei ekstra kostnadene og belastningane som er nemnt over.

Underteikna er sekretær for Eldrerådet.

Med helsing

Solrun Hauglum
Kommunalsjef helse og omsorg

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

